



### SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ove Sæbø	Arkivkode: FA-Q88
Arkivsaksnr: 22/198	Løpenr: 22/2583
Sakstype: Politisk sak	

#### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	07.04.2022	021/2022

### Invitasjon til medlemskap i Trygg Trafikk

#### 07.04.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

#### KS- 021/2022 Vedtak:

Samnanger kommune tek imot invitasjon og opprettar medlemskap i Trygg Trafikk. Årleg medlemskontingent er for tida kr. 2500,-.

Finansiering vert gjort innanfor ramma ansvar 2000 – skule og barnehage, felles.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tek imot invitasjon og opprettar medlemskap i Trygg Trafikk. Årleg medlemskontingent er for tida kr. 2500,-.

Finansiering vert gjort innanfor ramma ansvar 2000 – skule og barnehage, felles.

#### Dokument som er vedlagt:

Trygg Trafikk - medlemsskriv til Samnanger kommune

#### Kva saka gjeld:

Samnanger kommune har motteke invitasjon frå Trygg Trafikk [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no) kor dei oppmodar kommunen om å bli medlem. Trygg Trafikk er ein ideell organisasjon som samarbeider tett med dei ulike forvaltningsnivåa, både stat, fylkeskommunar og kommunar. Føremålet deira er å arbeide for best mogleg trafikktryggleik for alle trafikantgrupper, med eit særskilt ansvar for barn og unge.

Eit medlemskap i Trygg Trafikk inneber tilbod til kommunen om:

- Bistand til kommunar som utarbeider trafikksikringsplanar
- Råd og rettleiing til foreiningar, lag og nærmiljøaksjonar som på ulike vis ynskjer å bidra til betre trafikktryggleik
- Kurs til barnehagetilsette og lærarar om trafikkopplæring av barn
- Kurs til helsestasjonar om sikring av barn i bil

- HMS-kurs kring trafikk for kommunalt tilsette etter ynskje
- Kursar barnehagelærarstudentar og grunnskulelærarstudentar
- Nyheitsbrev til alle medlemer om aktuelle saker kring trafikktryggleik
- Gratis læringsressursar til barnehagar, skular og helsestasjonar
- Godkjenningsordninga Trafiksikker kommune
- Rettleiing kring etablering av Hjartesoner kring skular

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Saka om medlemskap vart drøfta i rådmannen si leiargruppe 14. mars. I denne delen av møtet tok også ordførar del. Leiargruppa var samde om at kommunen bør vere medlem av Trygg Trafikk. Her vart det særleg peika på haldningsskapande arbeid retta mot barn og unge i barnehage og skule. Ordførar oppmoda om å legge fram sak til kommunestyret for å få ei forankring for nettopp den heilskaplege haldningsskapande effekten eit medlemskap kan bidra til å gje, og at avgjersle om medlemskap difor kan fattast der.

Rådmannen vil peike på at kommunen ofte vert invitert til å gje uttale til ulike trafikkale prosjekt, i tillegg til å vere den aktøren som også initierer og set i gong trafikkrelatert planarbeid. Her vil det kunne vere verdfullt å få råd og innspel frå ein trafikkfagleg organisasjon som Trygg Trafikk. Det vil kunne løfte fram perspektiv og innspel som rommar barn og unge sine interesser.

I arbeidet med å nå ein høgast mogleg trafikktryggleik for alle som ferdast på og langs vegane, vil ein best kunne sikre dette ved å byrje allereie i barnehagealder. Haldningar vert danna over tid. Ved å arbeide frå og med barnehage og vidare inn i skule oppnår ein kontinuitet i haldningsarbeidet gjennom store delar av barne- og ungdomstida til dei som veks opp i Samnanger kommune. Trygg Trafikk tilbyr som nemnt i punkta over mellom anna kurs og læringsressursar til barnehagetilsette, lærarar og helsestasjonen.

Årleg medlemskontingent er kr. 2500,-. Finansiering vert innanfor ramma til *skule og barnehage, felles*: ansvar 2000.

Rådmannen rår til at Samnanger kommune opprettar medlemskap i Trygg Trafikk.